

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 02.06.2017

Martin Jonsterhaug orienterte om arbeidet i ANMU. Det er blitt utarbeida ei tekst som arbeidsgruppa for ANMU ønsker at alle fylkesregionale medverkingsorgan for ungdom stiller seg bak. Det er også eit ønske at barne- og ungdomsorgana prøver å få sine respektive fylkesting til å stille seg bak intensjonen.

Håkon Kongsvik orienterte om arbeidet med Ungdomspolitisk utval frå Sogn og Fjordane. Det planleggast at representantar frå Ungdomspolitisk utval møter Ungdommens fylkesutval til eit dialogmøte i forkant av Nettverkssamlinga 2017.

Martin Jonsterhaug orienterte om føreståande møte i Trafikksikringsutvalet. Representanten fremma ønske om at utvalet skal ta kontakt med dei kommunale ungdomsråda i Hordaland, for å få innspel til vegstrekningar ungdom i Hordaland ønsker å prioritere.

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak arbeidet for opprettinga av eit Nasjonalt Medverkingsorgan for Ungdom.

Ungdommens fylkesutval vil be Hordaland fylkesting om å stille seg bak arbeidet for opprettinga av ANMU. Ungdommens fylkesutval ber om at det sendast ut brev til dei kommunale ungdomsråda i fylket, for å få innspel til trafikkfarlige vegstrekningar i fylket.